
Saksnr: 2020/45506-4
Saksbehandlar: Janne Dokken
Dato: 11.10.2021

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesdirektøren

Forvaltningsrevisjon innan transportordninga for funksjonshemma

I møte i kontrollutvalet vart det fatta slikt vedtak

Vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg som positivt at det meste av forbetningsarbeidet, og arbeidet med å slå saman tenesta TT-transport i Vestland fylkeskommune, no er ferdig gjennomført etter forvaltningsrevisjon innan transportordninga for funksjonshemma.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkt 1, fjerde kulepunkt og punkt 3 til møte i kontrollutvalet 29.11.2021.
3. Ny skriftleg status vert å levere sekretariatet innan 08.11.2021.

Oppfølging av punkt 1, fjerde kulepunkt.

Etablere skriftlege rutinar for saksbehandling av søknader om TT-godkjenning for å sikre at praksis for saksbehandling av søknader samsvarer med forvaltningslova og gjeldande forskrift om TT-ordninga, til dømes rutinar som skal sikre:

- d) at det blir sendt ut førebels svar om søknaden ikkje kan svarast på innan fire veker, med informasjon om kva som er årsaka til at søknaden ikkje kan bli behandla tidlegare i samsvar med forvaltningslova § 11 a.

Svar:

Utfordringa vår har vore å få ei god nok oversikt over forfallsdato i saks og arkivsystemet vårt, for alle søknader som kjem inn til fylkeskommunen. Gjennom eit samarbeid med dokumentserveret har vi fått den oversikta som er nødvendig. Vår rutine er å sende ut førebels svar om søknaden ikkje kan svarast på innan fire veker, med informasjon om kva som er årsaka til at søknaden ikkje kan bli behandla tidlegare i samsvar med forvaltningslova § 11.

Oppfølging av punkt 3.

Vurdere om søknadsskjema og legeerklæringskjema er tilpassa alle brukargruppene som er omfatta av TT-ordninga og sikrar at dei legger til rette for likebehandling av søknader uavhengig av type sjukdom eller funksjonshemming.

Svar:

I dag finner du søknadsskjema for TT-ordninga på heimesida til Vestland fylkeskommune, alternativet er at du kan få tilsendt søknadsskjema i posten. Søknadsskjemaet som vi har i dag er ikkje tilpassa behova til alle brukargruppene som er omfatta av TT-ordninga. I 2020 starta vi difor eit prosjekt som har som mål å tilpasse, forenkle og effektivisere søknadsprosessen i eit brukarperspektiv. Vi har også som mål å utvikle ei løysing som alle fylkeskommunar i landet kan ta del i.

Vestland fylkeskommunen fekk tildelt midlar til prosjektet gjennom StimuLab.

«Gjennom StimuLab skal Digitaliseringsdirektoratet og DOGA stimulere til offentlig innovasjon fra brukernes perspektiv. Vi støtter statlige og kommunale virksomheter som våger å tenke nytt om roller og systemer, og som er villige til å endre disse for å levere bedre tjenester til brukerne.»

I prosjektet blir det utvikla ein prototype som skal prøvast ut av legar og brukargrupper. Målet vårt er å få til eit samarbeid gjennom fastlegane sitt digitale system, dersom vi lykkast vil søknaden frå TT-brukarar kunne sendast rett frå lege til fylkeskommunen. Vi skal bruke tida fram til nyttår å validere premiss og konsept for prosjektet. Målet er å utvikle og prøve ut prototypen i mindre skala i nokon fylker i 2022 og skalere til fleire fylker i 2023.